

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

| | |
|-------------------------|-----------------------|
| Dato | 05.12.2022 |
| Vår referanse | 2022/88038-3 |
| Dykkar referanse | |
| Sakshandsamar | Endre Korsøen |
| E-post | Endre.Korsoen@vlfk.no |
| Telefon | 91764632 |

Vestland fylkeskommune sin uttale til høring av forslag om å innføre grunnrenteskatt på havbruk

Vi viser til Dykkar brev av 28.09.2022, høringsbrev – grunnrenteskatt på havbruk. Saka vart handsama av Hovudutval for næring 17.11.2022 og Fylkesutvalet i Vestland 29.11.2022, og det vart fatta følgjande vedtak:

1. Vestland fylkeskommune meiner havbruksnæringa må sikrast føreseielege rammevilkår. Fylkesutvalet vil peika på at det er positivt at regjeringa legg opp til ei brei høring i saka som må byggja på inkluderande diskusjonar, samt at konsekvensane er utgreidd i tilstrekkeleg grad. Det er svært viktig at det endelege forslaget om auka skattlegging vert utforma slik at det totale skattetrykket, herunder grunnrenteskatt, produksjonsavgift, naturressursskatt og formueskatt/verdifastsetjing av eldre konsesjonar, vert utforma slik at eit mangfald, norsk eigarskap, investeringsevne og auka verdiskaping vert ivareteke.
2. Vestland fylkeskommune er positiv til signal frå Regjeringa om at dersom det vert innført grunnrenteskatt skal ein ikkje berekne skattegrunnlaget på bakgrunn av spotpris/Nasdaq-priser. Vestland fylkeskommune stør at ein arbeider vidare med ei skatteinnretning som sikrar at det er realistiske priser og inntekter som skal ligge til grunn. I Vestlandscenariene vert det peika på at foredling av laks og anna sjømat skal vera viktig for verdiskaping og arbeidsplassar i fylket vårt i framtida. Både satsen på grunnrenteskatten og omfanget av botnfrådraget må innrettast slik at det støttar opp under meir foredling i Vestland i framtida. Vestland fylkeskommune er svært negativ til å ein-sidedig bruke spotpris som berekningsgrunnlag i grunnrenteskatten. For å sikra arbeidsplassar og føreseielegheit vert ein stor del av norsk laks seld på langsiktige kontraktar. Særleg gjeld dette foredla laks. Vestland fylke har fleire vertikalt integrerte selskap som både produserer og foredlar fisken. Vestland fylkeskommune oppmodar difor om at ein arbeider vidare med moglegheita for å leggje til grunn faktiske kontraktsprisar i grunnrenteskattegrunnlaget.
3. Vestland fylkeskommune ynskjer å stø opp under ein variert eigarstruktur som gjev rom for både små og store aktørar. Fylkesutvalet meiner ein må sikra at botnfrådraget vert sett slik at små og mellomstore matfiskselskap i Vestland i stor grad vert skjerma for grunnrenteskatt i tråd med regjeringa si målsetjing.
4. Fylkesutvalet meiner kommunane må sikrast føreseielege inntekter for å prioritera areal til berekraftig produksjon av matfisk av laks og aure, der målet er å sikre fellesskapet ein rimeleg del av verdiskapinga ved at vertskommunane oppnår stabile inntekter. Fylkeskommunane har ansvaret for havbruksforvaltninga og er ein regional utviklingsaktør som arbeidar på tvers av kommunegrensar, både oppdrettskommunar og andre. Det er såleis viktig at også fylkeskommunane sikrast føreseielege inntekter frå Havbruksfondet til å bidra til utvikling i næringa og regionar.

Kopi av saksframstillinga og utskrift av den politiske handsaminga ligg ved.

Med helsing

Endre Høgalmen
seksjonssjef
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Endre Korsøen
seniorrådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift